

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.11.2009
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakhandsamar: Ingvill Skogseth
Saka gjeld: **Pandemi influensa A (H1N1) - status**

Styresak 106/09 O

Styremøte 02.12. 2009

Administrerende direktør si orientering pkt 5

Situasjonsbilde nasjonalt

Både førekomsten av influensaliknande sjukdom og talet på laboratoriebekrefta influensatilfelle fortsatte å auke kraftig i heile landet i veke 45. Vi er derfor inne i ei ny bølge som er betydelig større enn sommarbølga. Samla tyder overvaksningsdata på at det pandemiske influensaviruset no har spreidd seg epidemisk til heile landet, med mest omfattande aktivitet på Sør-, Aust- og Vestlandet. Det er usikkert når ein nærmar seg ein ny bølgetopp.

Status nasjonalt for veke 47

Av nytt denne veka:

- Over 2500 pasientar fekk laboratoriepåvist influensa i veke 45.
- 63,7 prosent av laboratorietestane er positive for influensavirus, noko som er ei lita auke frå veka før. Alle nærmare identifiserte influensavirus i veke 45 var det nye A(H1N1)-viruset.
- Samanlikna med influensaaktiviteten tidlegare år er aktiviteten no den høgaste som er målt nokon gang.
- Ingen kommunar melder så langt om stenging av verksemdar, men enkelte melder om stor belastning på helsepersonell.
- Ved utgangen av uke 46 var ca 990.000 vaksinedosar distribuert til kommunar og helseføretak.

Det blir no publisert tekstar på www.pandemi.no til bruk for kommunane som støtte i kommunane sitt arbeid med vaksinasjon av alle.

- standardtekst til annonse
- standardtekst til plakat
- standardtekst til nett
- "infolett", som eventuelt kan skrives ut til publikum
- lang tekst ment for nett

Sentrale helsemyndigheiter vil i tillegg utarbeide informasjonsfilm som skal minne folk på å ta vaksinen. Det vil også bli annonsert for www.pandemi.no

Status Helse Vest RHF

Etter ei auke dei siste par vekene av tal på innlagte pasientar med influensa H1N1 i Helse Vest, har det vært ein nedgang dei siste dagane ved somatiske avdelingar, men ein auke i talet på intensivpasientar. Det har vore to dødsfall på sjukehus i Helse Vest så langt.

Omfanget av innlagte har dei siste vekene variert frå 44 på det meste og til meir vanleg mellom 20 og 30 pasientar og 4-8 på intensivavdeling.

Nye sendingar med vaksiner er mottatt i helseføretaka og vaksining har fortsett. Nokre føretak har behov for fleire vaksiner enn først meldt og har tatt dette opp direkte med Folkehelseinstituttet.

Det er ønskeleg at eit pandemiregister for dei mest ressurskrevjande pasientane blir knytt opp mot eit eksisterande, fungerande system, som evner å samle inn og raskt vurdere data og gi tilbakemelding til behandlingstilgjøa.

I dag er datainnsamling for dei mest ressurskrevjande pandemipasientane organisert på ein måte som blir oppfatta som lite formålsteneleg. Det er ein fare for at vesentlege, faglege erfaringar i behandling av de sjukaste pasientane både barn og vaksne ikkje når fram til dei kliniske miljøa som deltar i pasientbehandling på ein rask og oversiktlig måte.

Blant anna ville det være svært nyttig for sjukehusa å vite kva grunnsjukdommar pasientar med alvorleg sjukdom, med behov for intensivbehandling og som dør av influensa H1N1 har. Det ligg føre enkeltrapportar frå andre land der 2-3 grupper peikar seg spesielt ut. Nasjonal kunnskap vil bidra til å spisse fokus, samle ressursane og styrke innsatsen heilt frå starten av hos disse.

Helse Vest har spelt inn dette synspunktet til Helsedirektoratet og ser fram til at intensivregistret blir operativt og blir ei verdifull kjelde til kunnskap under den pågåande epidemien.